

NORDHORDLAND

Revisjon IKS

Hordaland fylkeskommune
Kultur -og Idrettsavdeling
Post: PB 7900,
5020 Bergen

REVISJONSUTTALE – AUSTMARKA KUNSTGRASBANE – ANLEGGSNR 1260004201

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med Kultur-departementets retningslinjer i rundskriv V-0732.

Samla totalsum for anlegget pr 29.04.2014 er kr 5 555 059.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- At inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til element med rett til tilskot inngår som ein del av kostnadene
- At oppgitte beløp for meirverdiavgift tilsvarar faktisk betalt meirverdiavgift
- At utgiftene er attesterte og tilviste av personar med dei naudsynte fullmaktene
- At inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er gjorde frå den kontoen som er oppgjeven for dette føremålet
- At det er ei klart skilje mellom byggjerekneskapen for anlegget og drift
- Av verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinjene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- At dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjusterte med tilsvarande sum
- At rekneskapssammendraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vårt arbeid har ikkje avdekka vesentlege feil eller avvik.


Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Hordland fylkeskommune og anleggseigar. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentligheitslova.

Isdalstø, 05.12.2014

NORDHORDLAND REVISJON IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Gjenpart: Radøy kommune, Radøy Idrettslag